



HJELMELAND
KOMMUNE

Saksframlegg

«Beskrivelse»
«Paragraf»

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Flacké, Dag	K1 - 026	14/468

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
104/16	Formannskapet	PS	25.10.2016
071/16	Kommunestyret	PS	02.11.2016

Kommunestruktur. Kvar går vegen vidare for Hjelmeland kommune?

Vedlegg:

KOMMUNEREFORM I ROGALAND - OPPSUMMERING OG TILRÅDING - KOPI AV BREV SENDT TIL
KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENTET

Rogaland_kommunereform_Vedlegg1_prosess_vedtak_27sept

Rogaland-kommunereform_Vedlegg2_utfordringsbilete_27sept

Vedlegg IV Intensjonsavtale

Vedlegg II Økonominotatet

Brev til ordførar Hjelmeland om kommunereformen

Brev ordførar Hjelmeland

Forslag til vedtak:

Hjelmeland kommune ynskjer å gå i nye samtalar med Strand kommune og Forsand kommune om eit grunnlag for å danne ein ny kommune i ytre Ryfylke.

Ordførar får fullmakt til å kontakte desse kommunane for å avklare vidare prosess.

Spørsmål om grensejusteringar vil ein kome tilbake til i seinare saker.

Hjelmeland, den 11.10.2016

Dag Flacké
Rådmann

Formannskapet - 104/16

FSK - behandling:

Behandling:



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Tilleggsforslag til Rådmannen sitt forslag: foreslått av Laugaland, Bjørn,

- Det vert lagt til grunn at ein intensjonsavtale om evt ny kommune skal omfatta alle tre kommunane.
 - Denne avtalen skal ut til rådgivande folkerøysting før kommunestyret tek endeleg avgjerd.
 - For at desse tre kommunane saman skal bli ein ny funksjonell kommune er det avgjerande viktig å få lang Årdalstunnell på plass.
 - I forhandlingane om ein ny intensjonsavtale må utvikling i tettstadene, næringsutvikling i distrikta, ivaretaking av lokaldemokratiet og tenesteyting i heile kommunen bli tema.
 - Det må vera vilje til løysing for å realisera Espedal - Frafjord tunellen, og det må leggjast til rette for privat ferjedrift over Høgsfjorden etter Ryfast er ferdig.
- Ordførar får i lag med varaordførar og ein til politikar frå formannskapet + rådmannen og ein tillitsvald fullmakt til å gå i dialog om å laga ein ny intensjonsavtale.

Tilleggsforslag 104/16, foreslått av Jacobsen, Lin Veronica,

- Det vert lagt opp til at Suldal kommune blir invitert med på nye samtaler.
- Det vert lagt til grunn at det i arbeidet med ny intensjonsavtale blir tatt kontakt med sentrale myndigheter for å få ei avklaring på kva oppgåver me skal løyse i framtida.

Røysting:

Det vart først røysta over framsette tilleggsforslag med følgjande resultat:

- Tilleggsforslag frå Bjørn Laugaland : samrøystes vedtatt
Tilleggsforslag frå Lin. V. Jacobsen : vedtatt med 7 mot 2 røyster (H)

Rådmannen si tilråding med tillegg
som vedtatt : samrøystes vedtatt

FSK - vedtak:

Framlegg til kommunestyret:

Hjelmeland kommune ynskjer å gå i nye samtalar med Strand kommune og Forsand kommune om eit grunnlag for å danne ein ny kommune i ytre Ryfylke.

Ordførar får fullmakt til å kontakte desse kommunane for å avklare vidare prosess.

Spørsmål om grensejusteringar vil ein kome tilbake til i seinare saker.

- Det vert lagt til grunn at ein intensjonsavtale om evt ny kommune skal omfatta alle tre kommunane.
- Denne avtalen skal ut til rådgivande folkerøysting før kommunestyret tek endeleg avgjerd.
- For at desse tre kommunane saman skal bli ein ny funksjonell kommune er det avgjerande viktig å få lang Årdalstunnell på plass.
- I forhandlingane om ein ny intensjonsavtale må utvikling i tettstadene, næringsutvikling i distrikta, ivaretaking av lokaldemokratiet og tenesteyting i heile kommunen bli tema.
- Det må vera vilje til løysing for å realisera Espedal - Frafjord tunellen, og det må leggjast til rette for privat ferjedrift over Høgsfjorden etter Ryfast er ferdig.

- Det vert lagt opp til at Suldal kommune blir invitert med på nye samtaler.
- Det vert lagt til grunn at det i arbeidet med ny intensjonsavtale blir tatt kontakt med sentrale myndigheter for å få ei avklaring på kva oppgåver me skal løyse i framtida.

Ordførar får i lag med varaordførar og ein til politikar frå formannskapet + rådmannen og ein tillitsvald fullmakt



**HJELMELAND
KOMMUNE**

til å gå i dialog om å laga ein ny intensjonsavtale.

Kommunestyret - 071/16

KST - behandling:

Behandling:

Endringsforslag frå Westersjø (Ap), Hetland (Sp) og Ommundsen (Sp), foreslått av Hetland, Morten,
Hjelmeland kommune avslutta våren 2015 ein ressurskrevjande kommunestrukturprosess med
nabokommunane Strand og Forsand.

I samband med kommunestyrevalet i 2015 sa òg eit klart fleirtal av innbyggjarane i Hjelmeland nei til å arbeida vidare med å vurdere ny kommunestruktur i Ryfylke.

På bakgrunn av dette finn Hjelmeland kommune det, på dette tidspunkt, både unaturleg og unødvendig å starta nok ein tid- og ressurskrevjande prosess med dei same partane.

Dersom kommunen sine økonomiske rammevilkår eller oppgåver blir vesentleg endra, vil Hjelmeland kommune likevel ta initiativ til nye samtalar med aktuelle nabokommunar, med tanke på korleis kommunen kan løysa oppgåvene for sine innbyggjarar (t.d. interkommunalt samarbeid, strukturendring, kjøp av tenester, eller liknande).

Endringsforslag vedk. pkt. i framlegget frå formannskapet om å invitere Suldal kommune til nye samtalar, foreslått av Jacobsen, Lin Veronica,

Punktet i framlegget frå formannskapet:

"Det vert lagt opp til at Suldal kommune blir invitert med på nye samtalar." - går ut.

Endringsforslag frå Bjørn Laugaland til framlegg frå formannskapet, om å ta bort setninga som går på tilrettelegging for privat ferjedrift over Høgsfjorden., foreslått av Laugaland, Bjørn,

Punktet i framlegget frå formannskapet:

" --det må leggjast til rette for privat ferjedrift over Høgsfjorden etter Ryfast er ferdig." - går ut.

Kjell Apeland/H sette fram følgjande forslag om endringar/justeringar i framlegget frå formannskapet, foreslått av Apeland, Kjell,

Hjelmeland kommune ynskjer å gå i nye samtalar med Strand kommune og Forsand kommune om eit grunnlag



HJELMLAND KOMMUNE

for å danne ein ny kommune i ytre Ryfylke.

Ordførar får fullmakt til å kontakte desse kommunane for å avklare vidare prosess.

Spørsmål om grensejusteringar vil ein kome tilbake til i seinare saker.

Det vert lagt til grunn at den endelige intensjonsavtalen om ein ny kommune i søre Ryfylke skal omfatta alle tre kommunane.

God kommunikasjon og samferdsel er viktig for ein funksjonell ny kommune i søre Ryfylke. For å ivareta dette vil ein jobbe for lang Årdalstunnel og tunnel Epedal - Frafjord.

I forhandlingane om ein ny intensjonsavtale må utvikling i tettstadene, næringsutvikling i distrikta, ivaretaking av lokaldemokratiet og tenesteyting i heile kommunen bli tema.

Ordførar får i lag med varaordførar og ein til politiskar frå formannskapet + rådmannen og ein tillitsvald fullmakt til å gå i dialog om å laga ein ny intensjonsavtale.

Intensjonsavtalen skal ut på rådgjevande folkerøysting før endeleg vedtak i kommunestyret.

Oversendingsforslag med ytring om lokaldemokratideltaking, som kan følgje saka vidare til vurdering i samband med vidare forhandlingar/arbeid med ny intensjonsavtale., foreslått av Hatløy, Dagfinn,

"Deltaking i lokaldemokratiet bygger tillit. Det er ein viktig kapital for lokalsamfunnet og ein kommune. Intensjonsavtalen må prioritera ein struktur for eit framleis aktivt lokaldemokrati. Det kan skje gjennom *lokalstyre* (jf. bydelsutvalmodellen) som har **uttalerett** i saker som opplagt og direkte gjeld lokal utvikling (skule, barnehage, samfunnsplanlegging, arealsaker o.l.) og **vedtaksmyndighet** i avgrensa saker. Lokalstyre kan f.ek. disponera budsjettmidler i relevante saker."

Røysting:

Ordføraren føreslo at det først vart røysta over "hovedprinsippa" om vidare prosess - framlegget frå formannskapet v.s. forslaget frå Hetland, Ommundsen og Westersjø, og at ein deretter tok opp til særskilt røysting endringsforslag til framlegget frå formannskapet, som lagt fram i møtet. Kommunestyret slutta seg til slik røystingsmåte. Røystinga ga då slikt røysteresultat:

Framlegg frå formannskapet : 15 røyster - vedtatt

Forslag frå Hetland, Ommundsen/Westersjø : 4 røyster - vraka (M. Hetland, H. Ommundsen, S. G. Westersjø og J. Mjølhus røysta for dette forslaget)

Oversendingsforslag frå Dagfinn Hatløy : samrøystes vedtatt

Forslag frå Lin V. Jacobsen om å ta ut pkt. om å invitere Suldal til nye samtalar : vedtatt med 16 mot 3 røyster (Mjølhus, Westersjø og Ommundsen)

Endring i forslaget frå H om å stryke pkt. i framlegget frå formannskapet om å ta kontakt med sentrale myndigheter for



HJELMELAND KOMMUNE

oppgåveavklaringar : vraka med 10 mot 9 røyster

Endring i forslaget frå H om justert tekst i framlegget frå formannskapet om Årdals-tunnelen og Espedal-Frafjord-tunnelen, og med bortfall av vilkår om privat ferjedrift over Høgsfjorden : samrøystes vedtatt

(Etter dette siste røysterresultatet var det dermed ikkje nødvendig med eiga røysting over Bjørn Laugaland sitt forslag i tilknytning til punktet om tunell og ferjedrift).

Endringsforslag frå H til omformulering av punktet om endeleg intensjonsavtale : vraka med 10 mot 9 røyster (dei 10 røysta for formuleringa av dette punktet slik det låg føre i framlegget frå formannskapet)

Heile saka, med endringar som vedtatt : vedtatt med 15 mot 4 røyster (Hetland, Ommundsen, Westersjø og Mjøllhus)

KST - vedtak:

Hjelmeland kommune ynskjer å gå i nye samtalar med Strand kommune og Forsand kommune om eit grunnlag for å danne ein ny kommune i ytre Ryfylke.

Ordførar får fullmakt til å kontakte desse kommunane for å avklare vidare prosess.

Spørsmål om grensejusteringar vil ein kome tilbake til i seinare saker.

Det vert lagt til grunn at ein intensjonsavtale om evt ny kommune skal omfatta alle tre kommunane. Denne avtalen skal ut til rådgivande folkerøysting før kommunestyret tek endeleg avgjerd.

I forhandlingane om ein ny intensjonsavtale må utvikling i tettstadene, næringsutvikling i distrikta, ivaretaking av lokaldemokratiet og tenesteyting i heile kommunen bli tema.

Det vert lagt til grunn at det i arbeidet med ny intensjonsavtale blir tatt kontakt med sentrale myndigheter for å få ei avklaring på kva oppgåver me skal løyse i framtida.

God kommunikasjon og samferdsel er viktig for ein funksjonell ny kommune i søre Ryfylke. For å ivareta dette vil ein jobbe for lang Årdalstunnel og tunnel Espedal - Frafjord.

Ordførar får i lag med varaordførar og ein til politikar frå formannskapet + rådmannen og ein tillitsvald fullmakt til å gå i dialog om å laga ein ny intensjonsavtale.

Vedtatt oversending til ordføraren/forhandlingsutvalet for vurdering i samband med forhandlingar om ny intensjonsavtale :

Deltaking i lokaldemokratiet bygger tillit. Det er ein viktig kapital for lokalsamfunnet og ein kommune. Intensjonsavtalen må prioritera ein struktur for eit framleis aktivt lokaldemokrati. Det kan skje gjennom *lokalstyre* (jf. bydelsutvalmodellen) som har **uttalerett** i saker som opplagt og direkte gjeld lokal utvikling (skule, barnehage, samfunnsplanlegging, arealsaker o.l.) og **vedtaksmyndighet** i avgrensa saker. Lokalstyre kan



HJELMELAND KOMMUNE

f.ek. disponera budsjettmidler i relevante saker.

Saksopplysninger:

Samandrag

Fylkesmannen i Rogaland la fram si tilråding til ny kommunestruktur for Rogaland den 27. september 2016 (tilrådinga er med som vedlegg).

For Hjelmeland kommune sin del har Fylkesmannen tilrådt at arbeidet for å danne ein ny kommune saman med Strand og Forsand held fram.

Tilrådinga vidare peiker på behov for grensejusteringar for Jøsenfjorden og Ombo. Fylkesmannen vil seinare kome konkret tilbake til kva ein vil tilrå, etter at kommunen(-ane) har arbeidd vidare med sakene.

Bakgrunnen for at Fylkesmannen tilrår at Hjelmeland kommune skal arbeide vidare for å danne ein ny kommune med Strand og Forsand har delvis grunnlag i tilrådinga om at Forsand og Strand etablerar ein ny kommune i lag – og at «dette er første steg på det som kan bli fleire endringar av kommunestrukturen i Ryfylke», og delvis i utfordringar som Fylkesmannen peikar på når det gjeld kompetanse på viktige fagfelt i Hjelmeland kommune, sjølv om kompetansen i dag er tilfredsstillande, samt på kommunens tette tilknytning gjennom ulike former for interkommunale samarbeid til nabokommunane. Når Ryfast blir ferdig og vegen elles blir rusta opp, kan orienteringa mot Strand bli endå tydlegare.

Fakta

Hjelmeland kommune deltok i utgreiingsarbeidet mellom Forsand, Strand og Hjelmeland om etablering av ein ny kommune i 2014-2015. Det vart utarbeidd ein intensjonsavtale (vedlegg). Kommunestyret gjorde fylgjande vedtak i denne saka (041/15, den 17. juni 2015, med 10 mot 9 røyster):

1. Hjelmeland kommune tek framlagt rapport til orientering
2. Hjelmeland kommune skal arbeide vidare med ny kommunestruktur i Ryfylke.

Den 14. september 2015 vart det halde rådgjevande folkerøysting i Hjelmeland kommune. Spørsmålet som vart stilt var om ein ville seie JA eller NEI til å arbeide vidare med å vurdere ny kommunestruktur i Ryfylke. Røysterresultatet i den rådgjevande folkerøystinga vart 579 røyster for JA-alternativet (45,5%), og 693 røyster for NEI-alternativet (54,5%). 1 272 peronar røysta.

Kommunestyret gjorde fylgjande vedtak i sak 062/15 den 14. oktober 2015:

1. Rådgjevande folkerøysting 14.09.15 om kommunestruktur vert godkjent.
2. Kommunestyret tek resultatet av folkerøystinga til etterretning. Vedtak i k-sak 041/15 vert oppheva.
3. Kommunestyret ber likevel om at eventuelle henvendingar angående ny kommunestruktur frå andre kommunar eller overordna myndigheiter vert lagt fram til politisk handsaming.

Ordføraren i Strand kommune inviterte kommuneleiinga i Hjelmeland kommune til samtalar den 30. mars 2016 om mogleg vidare prosess i spørsmålet om samanslåing.



HJELMELAND KOMMUNE

Strand kommune har gjeldande vedtak om at ein ynskjer å danne ny kommune med Forsand og Hjelmeland.

I samsvar med vedtak i kommunestyret i oktober 2015 (pkt. 3 ovanfor) finn ein at det er formelt grunnlag for å ta saka opp at til ny handsaming, sidan Fylkesmannen (overordna myndigheit) i realiteten har vendt seg til Hjelmeland kommune gjennom sitt tilrådingsnotat. Denne henvendinga gjeld både kommunesamanslåing og grensejusteringar.

Fylkesmannen utfordrar Hjelmeland kommune på fylgjande moment:

- Regionale omsyn

Som grunngeving for at Fylkesmannen tilrår at Forsand kommune slår seg saman med Strand kommune, og ikkje Sandnes kommune, som kommunestyret der har vedteke, les ein m.a. fylgjande: *«Men Forsand som del av Ryfylke-regionen har ei rekke felles utfordringar med nabokommunane Strand og Hjelmeland. Ein ny kommune saman med Sandnes gir ikkje ein hensiktsmessig struktur ut frå regionale omsyn. Vi tilrår at Forsand blir ein ny kommune saman med Strand. I vurderinga er det også lagt vekt på at dette er første steg på det som kan bli fleire endringar av kommunestrukturen i Ryfylke.»* Fylkesmannen peiker her på Ryfylke-regionen og medlemskapet i Ryfylke IKS, forvaltning av konsesjonskraftmidlar gjennom Ryfylkefondet, at den logiske grensa for Ryfylke går i Høgsfjorden (og at Ryfast skal vere vegen mellom Ryfylke og Nord-Jæren), samt reiseliv (spesielt gjeldande for Forsand og Strand i høve til Preikestolen).

Rådmannen opplever denne føringa som sterk for å behalde Ryfylke (Ytre-Ryfylke) som ein naturleg region, og at Hjelmeland kommune er viktig i denne samanhengen.

- Kompetanse

Trass i at Hjelmeland for tida har forsvarleg kvalitet på dei viktige tenesteområda, og trass utfordringar – har tilfredsstillande kompetanse på viktige fagfelt, meiner rådmannen at Fylkesmannen i tilrådingssnotatet ser på behovet for viktig kompetanse og fagmiljø for å oppretthalde god kvalitet på dei viktige tenesteområda som ein kritisk faktor.

- Utstrakt bruk av interkommunale samarbeid.

Hjelmeland kommune har sjølv uttalt i møte med Fylkesmannen at ein ser føre seg å vidareutvikle det interkommunale samarbeidet etter behov. Fylkesmannen ser også dette som eit viktig moment til å la «frivillighetsprinsippet» gjelde for Hjelmeland kommune. Samstundes meiner Fylkesmannen at det kan vere ei betre løysing for framtida å samle kompetansen i ein ny, felles kommune. Dette synet blir styrka av at Ryfast og andre vegopprustingar kjem på plass etter kvart. Kommunens orientering mot Strand vil då venteleg bli enno tydelegare.

Fylkesmannen seier samstundes at ein har vanskeleg for å hevde, m.a. ut frå geografien i Hjelmeland, at strukturen i dag ikkje er hensiktsmessig ut frå regionale omsyn. Kommunen er også omtala som «ufrivillig liten» i det nye inntektssystemet (sjå også nedanfor under vurderingar).



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Grensejusteringar

Ombo:

Det kan synast som at Fylkesmannen si føring i tilrådinga om at det bør gjennomførast ei grensejustering på Ombo, slik at heile øye i framtida høyrer til ein kommune, er eit synspunkt som også fleirtalet av innbyggjarane på Ombo sluttar seg til. Politisk leiing for Hjelmeland og Finnøy har vore i møte med bygdaråda, og det er kome innspel frå bygdaråda vedkomande dette spørsmålet.

Det vil i eiga sak bli lagt fram ei tilråding om at det blir gjennomført ei innbyggjarundersøking der ein ynskjer svar på to spørsmål: 1) Ynskjer ein at det skal gjennomførast ei grensejustering?, og 2) Dersom det blir gjennomført ei grensejustering – kva kommune meiner du at Ombo skal tilhøyre? (spørsmåla vil vere annleis formulert). Ein legg til grunn at ein skal operere med ein populasjon for alle innbyggjarane på øya, og ikkje dele dette opp i kva kommune ein no er innbyggjar av. Dette er etter rådmannens vurdering fornuftig, sidan premissen for ei eventuell grensejustering er at alle innbyggjarane skal høyre til ein kommune.

Fylkesmannen vil avvente resultatet av ei slik innbyggjarundersøking før ein konkluderar med kva tilråding ein vil gje til departementet. Ein legg opp til at kommunestyret skal handsame dette spørsmålet i møtet i desember.

Jøsenfjorden:

Spørsmålet om grensejustering er kome opp etter initiativ frå innbyggjarane i Jøsenfjorden, med bakgrunn i skulespørsmålet. Folket i bygda ønskjer at borna skal få gå på skule i Erfjord i Suldal. Fylkesmannen uttalar at dette er ei fornuftig løysing, og oppmodar Hjelmeland kommune om å finne ei løysing på denne utfordringa. Fylkesmannen vil avvente endeleg tilråding i spørsmålet til kommunen har vurdert dette nærmare.

Etter rådmannens skjønn er det ganske openbert at dersom Hjelmeland kommune vil halde fast på at elevane skal gå på skule i eigen kommune, vil Fylkesmannen tilrå ei grensejustering slik at Jøsenfjorden blir ein del av Suldal kommune.

Rådmannen meiner at Hjelmeland kommune bør sjå heilskapleg på dette spørsmålet. Det vil vere økonomiske konsekvensar av både det eine og det andre alternativet. Dette vil ein forsøke å belyse seinare i saka. Samla sett meiner rådmannen at Hjelmeland kommune bør kome innbyggjarane i bygda i møte ved å forhandle fram ein avtale med Suldal kommune på nytt. Dette vil venteleg føre til at spørsmålet om grensejustering kan bli utsett til spørsmålet om ein større kommunereform gjeldande for Hjelmeland kommune blir avklart.

Lovar, føresegner, rundskriv

Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova), [LOV-2016-06-17-60](#) fra 01.07.2016

Økonomiske konsekvensar

Regjeringa har lagt til grunn ein del relativt omfattande økonomiske incentivar for kommunar som slår seg saman og etablerar ein ny kommune. Vedtak som blir fatta i kommunane om samanslåing vil vere grunnlag for



HJELMELAND KOMMUNE

at dei økonomiske virkemidla vert gjort gjeldande om ein slår seg saman i reformperioden, det vil sei samanslåingar der det er fatta nasjonale vedtak innan 1.1.2018. Dette kan ev. innebera at Hjelmeland kommune bør klargjere sitt standpunkt t.d. innan påske i 2017.

Eingongskostnadar

Kommunar som slår seg saman får dekkja eingangskostnadar etter ein standardisert modell. Basert på utbetalingane i dei siste samanslåingsprosessane er 20 mill. kroner sett som eit grunnbeløp per samanslåing, og vert differensiert etter tal kommunar og tal innbyggjarar i samanslåinga. Beløpet vert utbetalt når nasjonale vedtak om samanslåing er gjort.

Modell for dekning av eingangskostnadar i reformperioden (kroner).

Antall kommuner og innbyggere i sammenslåingen	0-19 999 innbyggere	20- 49 999 innbyggere	50- 99 999 innbyggere	Over 100 000 innbyggere
2 kommuner	20 000 000	25 000 000	30 000 000	35 000 000
3 kommuner	30 000 000	35 000 000	40 000 000	45 000 000
4 kommuner	40 000 000	45 000 000	50 000 000	55 000 000
5 eller flere kommuner	50 000 000	55 000 000	60 000 000	65 000 000

Reformstøtte

Kommunar som slår seg saman vil få reformstøtte. Reformstøtta går til alle samanslåtte kommunar med vedtak i reformperioden, med eit minstebeløp på 5 mill. kroner per samanslåing. Støtta er differensiert etter innbyggertal. Maksimalt beløp er 30 mill. kroner for dei mest folkerike samanslåingane. Utbetalinga blir gjeve utan ytterligere søknad frå kommunane, og vert utbetalt på tidspunktet for samanslåinga.

Modell for reformstøtte i reformperioden (kroner).

Antall innbyggere i sammenslåingen	Reformstøtte
0-14 999 innbyggere	5 millioner
15 000- 29 999 innbyggere	20 millioner
30 000- 49 999 innbyggere	25 millioner
Over 50 000 innbyggere	30 millioner

Inndelingstilskotet

Dagens ordning med [inndelingstilskot](#) vert vidareført. Med dagens inndelingstilskot får den nye samanslåtte kommunen behalde tilskot som om den framleis var to (eller fleire) kommunar i 15 år etter samanslåinga, før inndelingstilskotet vert trappa ned over 5 år. Dette er ei gunstig og langsiktig ordning for kommunane, som får god tid på seg til å tilpasse seg nye rammevilkår. Dette inneber m.a. at basistilskotet vil halde fram i desse 15 åra.

· [Modell for beregning av inndelingstilskuddet fra KS](#)

Praksis for beregning av inndelingstilskot er endra for å sikre kommunane forutsigbarheit i kommunereforma. Grunnlaget for beregning av inndelingstilskot har til no vore inntektssystemet som gjeld på det tidspunktet kommunane faktisk slår seg saman. For å ha sikre rammevilkår i kommunereforma, er det lagt opp til at alle sammenslåingane blir handsama likt. Inndelingstilskotet for kommunar som slår seg saman i kommunereforma, blir bereknet ut frå inntektssystemet slik det er i 2016.

Etter reformperioden vil ordninga bli strama inn. Omfang og innretning på ordninga, herunder perioden for



HJELMELAND KOMMUNE

inndelingstilskottet, vil bli vurdert.

Dekking av eingongskostnadar og reformstøtte vil, dersom Forsand, Strand og Hjelmeland slår seg saman, medføre ei utbetaling på 50 mill. kroner.

Eit anna, og meir vesentleg økonomisk moment, er at ein ny kommune i ytre Ryfylke vil kunne behalde ein større del av konsesjonskrafta. Berekningar gjort i samband med prosessen mellom dei tre kommunane våren 2015, syner at ein ville kunne få tilgang på 196 gWh meir enn ein samla får kvar for seg i dag. Med ein netto salspris på 15 øre per kWh, utgjer dette ein årleg ekstra inntekt på kr. 29 mill. (frå utgreiinga til møte i styringsgruppa 14.11.2014, jf. «Utgreiing av kommunesruktur i Ryfylke», Telemarksforskning 2011). Desse inntektene vil bli enno større når Lysebotn 2 står klart i 2018.

Dette er ei enkel oversikt over kva direkte økonomiske konsekvensar ei kommunesamanslåing vil innebere for dei tre kommunane i ytre Ryfylke. Ein må legge til grunn at ein samanslåing av tre kommunar vil innebere kostnadar som ein elles ikkje ville hatt. Ein må rekne med at støtta, heilt eller delvis, vil gå til å dekke slike kostnadar.

Ekstra inntekter frå sal av konsesjonskraft vil gje ein ny, samanslått kommune eit fornya handlingsrom.

Meir indirekte kan ein sjå føre seg synergieffektar i felleskommunale tenester og administrasjon.

Vidare bør ein også vere var for kva som kan kome til å skje dersom det blir grensejusteringar gjeldande for Ombo og Jøsenfjorden. Det vil naturleg nok dreie seg om både utgifter og inntekter. Eit redusert tal på innbyggjarar i Hjelmeland kommune vil i gjennomsnitt innebere eit bortfall på om lag 60 000 kroner per innbyggjar. På Ombo bur 74 personar i Hjelmeland kommune, og i Jøsenfjorden bur 104 personar. Samstundes vil utgifter til desse samfunna ndg. skule, barnehage, helse- og omsorgstenester, infrastruktur m.v. falle bort.

Ein skal ikkje her kome inn på kva som vil skje med eigesomsskatteavtalen som Hjelmeland kommune har med Suldal kommune dersom Jøsenfjorden blir ein del av Suldal kommune. Dersom bortfall av desse inntektene skjer i samband med at Hjelmeland kommune etablerar ein ny kommune med Forsand og Strand, er det ikkje sikkert at det bør vere avgjerande.

Dersom Hjelmeland kommune skal forbli eigen kommune, vil grensejusteringsspørsmålet få relativt store økonomiske konsekvensar. Ev. bortfall av inntekter frå avtalen med Suldal kommune vil då vere vesentleg for Hjelmeland kommune sin økonomi. I tillegg er det grunn for å tru at dersom Jøsenfjorden og Ombo ikkje lengre er ein del av Hjelmeland kommune, vil grunnlaget for at Hjelmeland skal halde fram som «ufrivillig liten», vere mindre sannsynleg. Hjelmeland kommune er, med grunnlag i dette strukturkriteriet, i ein situasjon der ein ikkje har tapt i det nye inntektsfordelingssystemet. Det er sannsynleg at dette kan bli endra ved neste justering dersom Ombo og Jøsenfjorden går til andre kommunar. Det er vanskeleg no å fastslå kor mykje dette vil utgjere, men ein vil anslå at det dreier seg om ein årleg sum i storleik fem mill. kroner.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Innkome uttalar

«Kommunereform i Rogaland – oppsummering og tilråding», Fylkesmannen i Rogaland 27. september 2016

Vurdering og konklusjon

Rådmannen skal vere varsam med å trekke bastante slutningar og kome med klåre tilrådingar i eit så politisk



HJELMELAND KOMMUNE

spørsmål som kommunesamanslåing og grensejusteringar er.

Samstundes har rådmannen eit ansvar for å legge til rette at dei folkevalde sine prioriteringar og vedtak blir følgt opp, at innbyggjarane får tenester i samsvar med dei rettane ein har og at ein driv kommunen som organisasjon og som tenesteytar, samfunnsutviklar og tilretteleggjar på ein økonomisk effektiv måte. Rådmannen skal også syte for at dei folkevalde får eit godt beslutningsgrunnlag.

Rådmannen vel på denne bakgrunnen å peike på nokre område ein meiner bør vektleggast i saka.

Rådmannen deler Fylkesmannen si grunngeving for at Hjelmeland kommune bør vurdere samanslåingss spørsmålet på nytt. Dette meiner ein er viktig både for Hjelmeland kommune sin eigen del – med utfordringar med å ha tilstrekkeleg kompetanse i eit meir langsiktig perspektiv. Hjelmeland har i dag stort sett svært god kompetanse på viktige teneste- og samfunnsområde. Men med eit relativt lite rekrutteringsgrunnlag i geografisk nærleik, bør ein vere budd på at ein kan få større utfordringar på dette i framtida. Vi ser også i dag at søknadstilfanget på sentrale stillingar har eit noko avgrensa omfang. Samstundes ser ein at det blir stilt nye krav, t.d. innan legekompertanse, psykisk helse, psykologi, barnevern, som kan bli utfordrande for Hjelmeland kommune å etterleve. Ein er også i ein situasjon der relativt mange innan skulen har ein alder som vil medføre behov for auka nyrekruttering.

Mangel på avstand mellom tenesteytar og innbyggjarar kan også vere ei generell utfordring innanfor einskilde område, som t.d. barnevern og forvaltningssaker.

Hjelmeland kommune har i dag eit stort behov for å vere med i interkommunale samarbeid. Rådmannen meiner at det også i framtida, uavhengig av resultat i kommunereforma, vil vere behov for interkommunale samarbeid. Men når ein ser behov for å inngå t.d. vertskommunesamarbeid på ei rekkje område, er dette utfordrande. Ein vil vere avhengig av at nabokommunar er positivt interessert i å vere med på slike samarbeid, samstundes om at kommunestyret gir frå seg den politiske kontrollen av tenesteytinga der ein inngår vertskommunesamarbeid. Hjelmeland kommune har eller har hatt (og framleis ynskjer) å ha denne type samarbeid innanfor t.d. PPT, Vaksenopplæring, Skatt, jordmorteneste og IKT. Det er også ynskjeleg å utvide dette til å gjelde t.d. barnevern, og ein kan sjå fordelar med å ha felles løysingar innanfor nokre administrative område. Rådmannen ser tenestemessige fordelar med å vere i slike samarbeid, men ser samstundes at det kan vere ei demokratisk utfordring når ein ikkje får høve til å gjere eigne prioriteringar.

Rådmannen meiner også at Hjelmeland kommune spelar ei viktig rolle i eit meir regionalt perspektiv. Fylkesmannen har tilrådt at Forsand kommune blir slått saman med Strand kommune av viktige regionale årsaker. Fylkesmannen peiker på at Hjelmeland kommune også er viktig for å etablere ytre Ryfylke som ein sterkar region. Rådmannen sluttar seg til desse vurderingane. På mange måtar framstår ytre Ryfylke som ein naturleg samarbeidsregion, noko som også vil bli styrka når Ryfast blir ferdig i løpet av denne kommunestyreperioden.

Kommunane sine oppgåver knytt til samfunnsutvikling, næringsutvikling og regional utvikling er område som det bør vere naturleg å arbeide meir med utgangspunkt i bu- og arbeidsmarknadsområde enn i dagens kommunegrenser. Det vil gjerne opplevast unaturleg og lite rasjonelt at ulike kommunar handsamar slike saker og driv utviklingsarbeid kvar for seg, når områda det handlar om går over kommunegrensene. Etter rådmannens syn, er det ikkje minst desse kommunale oppgåvene som vil dra nytte av ein kommunereform. Om ein då legg til grunn at ytre Ryfylke er å sjå på som ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion, ein felles næringslivsregion og ein felles reiselivsregion, blir vurderingane som Fylkesmannen har gjort i høve til dei regionale spørsmåla for ytre Ryfylke viktige.



HJELMELAND KOMMUNE

Det vart utarbeidd ein intensjonsavtale for samanslåing av Forsand, Strand og Hjelmeland våren 2015. Rådmannen meiner at, dersom det er aktuelt for Hjelmeland kommune å gå i nye samtalar og drøftingar med naboane, bør ein ny intensjonsavtale bli justert og omarbeidd. Rådmannen trur også at det i nabokommunane vil vere forståing for dette, noko som for Hjelmeland sin del kan vere positivt. Det viktige spørsmålet for folkevalde i Hjelmeland er å uttrykke og prioritere kva ein ynskjer for utviklinga av Hjelmeland kommune, dei bygdasamfunn ein har i dag og korleis ein best kan kome innbyggjarane sine behov i møte, uavhengig av om ein består som eigen kommune eller ikkje. Ein bør vurdere om ein har tilstrekkeleg utviklingskraft i seg sjølv, eller om ein vil styrka denne om ein samarbeider med andre i ytre Ryfylke.

Når det gjeld grensejusteringane som Fylkesmannen har peika på, vil rådmannen spele inn at resultatet frå den planlagde innbyggjarundersøkinga på Ombo bør vere langt på veg avgjerande for kva Hjelmeland kommune skal meine i saka. Med eit samstemt grunnlag i at Ombo bør høyre til ein kommune, bør eit simpelt fleirtal vere det beste grunnlaget for korleis grensa skal justerast.

For Jøsenfjorden sin del, har Fylkesmannen vore tydeleg på at dette spørsmålet kan avklarast gjennom å kome innbyggjarane i Jøsenfjorden i møte i høve til kvar elevane skal få gå på skule. Rådmannen vil legge fram som eit nytt tiltak i budsjett for 2017, at ein skal søke å få fornya avtalen som vart inngått i 2015 om at elevane i Jøsenfjorden skal få gå på skule i Erfjord.

Ein tolkar Fylkesmannen slik at då vil det heller ikkje vere grunnlag for å gjere endringar på grensa mellom Hjelmeland og Suldal no.

Dersom Hjelmeland kommune vel å slå seg saman med Forsand og Strand, eller om Stortinget gjer slikt vedtak, bør spørsmålet om grensejustering vurderast i den samanhengen, utan at rådmannen skal ha noko formeining no om kva resultat ei slik vurdering bør få.

Samla sett vil ikkje rådmannen meine noko om kva vegval Hjelmeland kommune skal gjere i kommunestruktur- og grensejusteringsspørsmåla, men legg til grunn at momenta som Fylkesmannen har spelt inn til Hjelmeland kommune, supplert med vurderingar i denne saka, blir grunnlag for kommunestyrets val av kva retning ein vil gå vidare.

Rådmannen vil difor tilrå at Hjelmeland kommune tek opp att samtalar og drøftingar med Strand kommune og Forsand kommune, for på den måten å avklare nærmare kva grunnlag ein ev. skal gjere avgjere kommunestrukturspørsmålet på.



HJELMELAND
KOMMUNE

Saksframlegg

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Laugaland, Bjørn	K1 - 026	14/468

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
069/16	Formannskapet	PS	21.06.2016
038/16	Kommunestyret	PS	22.06.2016

SVAR FRÅ HJELMELAND KOMMUNE PÅ UTFORDRINGAR KOMMUNEN HAR FÅTT I KOMMUNEREFORMSAKA

Vedlegg:

FRAMLEGG TIL MANDAT FOR PROSESS KRING ENDRING AV KOMMUNESTRUKTUR I YTRE RYFYLKE
REFERAT FRÅ MØTE OM PROSESS KRING KOMMUNEREFORM
RÅDGJEVANDE FOLKERØYSTING OM KOMMUNESTRUKTUR - RØYSTERESULTAT OG OPPFØLGING
RÅDGJEVANDE FOLKERØYSTING OM KOMMUNESTRUKTUR
NY KOMMUNESTRUKTUR - STATUS OG RAPPORTERING
Vedlegg 1 innbyggjarinvolvering sluttrapport
Vedlegg II Økonominotatet
Vedlegg III Premissar for å fortsette som eigen kommune
Vedlegg IV Intensjonsavtale
Vedlegg V Innbyggjarundersøkinga
DRØFTING AV OPPLÈGG FOR RÅDGJEVANDE FOLKERØYSTING OM KOMMUNESTRUKTUR
UNDERSKRIVEN VALPROTOKOLL FOR VALSTYRET - TILLEGG FOLKERØYSTING KOMMUNESTRUKTUR - 2015
KOMMUNEREFORMA - DRØFTINGSSAK
Invitasjon til avklaringsmøte om kommunestruktur (L)(576704)
INVITASJON TIL AVKLARINGSMØTE OM KOMMUNESTRUKTUR - DRØFTINGSSAK
168134 Møtereferat - Avklaringsmøte om kommunestruktur med Hjelmeland kommune 30.03

Forslag til vedtak:

Hjelmeland kommune må halda fram som eigen kommune også i framtida.

Dette for å vera i stand til å vidareutvikla eit levande og sterkt lokalsamfunn der medverknad og påverknad frå folket lokalt skal ha stort fokus.

Hjelmeland kommune meiner dagens struktur er best for innbyggjarane i kommunen.

Hjelmeland, den 14.06.2016

Dag Flacké
Rådmann



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Formannskapet - 069/16

FSK - behandling:

Behandling:

Gaute Hauge/AP foreslo følgjande tillegg til andre avsnitt i tilrådinga frå ordføraren i saka:

Likevel er me nok avhengige av interkommunale tjenester på fleire område:

Dette gjeld PPT og spesialundervisning, barnevern, psykisk helse/psykolog, næringsliv og utvikling.

Kjell Apeland/H sette fram følgjande endringsforslag for H og Krf:

Hjelmeland kommune går saman med Forsand og Strand, med det føremål å danna ein ny kommune. Dette for å sikra innbyggjarane i dagens kommune eit fullverdig og godt tjenestetilbud, og i framtida. Me meiner at nye oppgåver som kommunen skal løysa, samt eit auka press på økonomien, vil forsterka behovet for en større og meir robust kommune i Ytre Ryfylke.

Grunngjeving:

1. Kommunestrukturen i Ryfylke er i endring. Dette kan få store konsekvensar for Hjelmeland Kommune om våre samarbeidspartnerar inngår i bykommunane på Nord-Jæren, samt at våre egne grenser kan verta justerte (Ombo går til Finnøy/Stavanger og Jøsenfjorden går til Suldal).
2. Eit viktig premiss for å fortsetja som eigen kommune er at det interkommunale samarbeidet vert styrkja og utvida. Slik regionen nå ser ut til å utvikla seg vil IKS vera svært usikkert, og ein må forventa at dette samarbeidet vil verta redusert.
3. Ein samla ny kommune i ytre Ryfylke vil vere best for framtida mtp. å sikra ei fullverdig og god tenesteyting, sikre ein sunn økonomi, samt kunne evne å handtera nye ansvarsområde på tilfredstillande måte.
4. Det er naturleg med «Ytre Ryfylke» som kommune spesielt mtp. vidaregåande skule, turistinformasjon, reiseliv, næringsliv, arbeidsmarknad, landbruk og naturressursar, samferdsel, samt korleis landskap og fjordar naturleg ramar oss som ein eigen region.
5. Om framtida blir slik våre nabokommunar nå ynskjer, vil Rogaland, og spesielt Ryfylke, endrast radikalt. Resultatet er at Hjelmeland kommune blir ein av dei minste kommunane i fylket, med store bykommunar som naboar. Det vil bety større utfordringar når me skal tala vår sak i fylket, og til sentrale myndigheter.
6. Innbyggjarundersøking og rådgjevande folkeavrøysting viste fleirtal for at kommunen skulle bestå som i dag. Det er derimot viktig å vera klar over at folkeavrøystinga vart halden ved valet, og dermed lenge før me visste om dei konkrete endringane, hjå nabokommunane, som har kome i løpet av våren 2016. Det er også eit poeng at fleirtalet ikkje var klart, men knappast mogleg (54 % mot 46 %).

Røysting:

Det vart først røysta over forslaga frå ordføraren og forslaget frå Apeland /H/Krf:

Forslag frå ordføraren : 5 røyster - vedtatt (SP, AP og V)

Forslag frå Apeland H/Krf : 4 røyster (H og Krf)

Tilleggsforslaget frå Gaute Hauge : samrøystes vedtatt



**HJELMELAND
KOMMUNE**

FSK - vedtak:

Framlegg til kommunestyret:

Hjelmeland kommune må halda fram som eigen kommune også i framtida.

Dette for å vera i stand til å vidareutvikla eit levande og sterkt lokalsamfunn der medverknad og påverknad frå folket lokalt skal ha stort fokus.

Likevel er me nok avhengige av interkommunale tjenester på fleire område:

Dette gjeld PPT og spesialundervisning, barnevern, psykisk helse/psykolog, næringsliv og utvikling.

Hjelmeland kommune meiner dagens struktur er best for innbyggjarane i kommunen.

Kommunestyret - 038/16

KST - behandling:

Behandling:

Kjell Apeland/H sette fram forslaget sitt frå formannskapet for H og Krf:

Hjelmeland kommune går saman med Forsand og Strand, med det føremål å danna ein ny kommune. Dette for å sikra innbyggjarane i dagens kommune eit fullverdig og godt tjenestetilbud, og i framtida. Me meiner at nye oppgåver som kommunen skal løysa, samt eit auka press på økonomien, vil forsterka behovet for en større og meir robust kommune i Ytre Ryfylke.

Grunngjeving:

1. Kommunestrukturen i Ryfylke er i endring. Dette kan få store konsekvensar for Hjelmeland Kommune om våre samarbeidspartnerar inngår i bykommunane på Nord-Jæren, samt at våre eigne grenser kan verta justerte (Ombo går til Finnøy/Stavanger og Jøsenfjorden går til Suldal).
2. Eit viktig premiss for å fortsetja som eigen kommune er at det interkommunale samarbeidet vert styrkja og utvida. Slik regionen nå ser ut til å utvikla seg vil IKS vera svært usikkert, og ein må forventa at dette samarbeidet vil verta redusert.
3. Ein samla ny kommune i ytre Ryfylke vil vere best for framtida mtp. å sikra ei fullverdig og god tenesteyting, sikre ein sunn økonomi, samt kunne evne å handtera nye ansvarsområde på tilfredstillande måte.
4. Det er naturleg med «Ytre Ryfylke» som kommune spesielt mtp. vidaregåande skule, turistinformasjon, reiseliv, næringsliv, arbeidsmarknad, landbruk og naturressursar, samferdsel, samt korleis landskap og fjordar naturleg ramar oss som ein eigen region.
5. Om framtida blir slik våre nabokommunar nå ynskjer, vil Rogaland, og spesielt Ryfylke, endrast radikalt. Resultatet er at Hjelmeland kommune blir ein av dei minste kommunane i fylket, med store bykommunar som naboar. Det vil bety større utfordringar når me skal tala vår sak i fylket,



HJELMELAND KOMMUNE

og til sentrale myndigheter.

- Innbyggjarundersøking og rådgjevande folkeavrøysting viste fleirtal for at kommunen skulle bestå som i dag. Det er derimot viktig å vera klar over at folkeavrøystinga vart halden ved valet, og dermed lenge før me visste om dei konkrete endringane; hjå nabokommunane, som har kome i løpet av våren 2016. Det er også eit poeng at fleirtalet ikkje var klart, men knappast mogleg (54 % mot 46 %).

Røysting:

Framlegget frå formannskapet	: 10 røyster - vedtatt (SP, AP og V)
Forslaget frå Apeland/H og Krf	: 9 røyster (H og Krf)

KST - vedtak:

Hjelmeland kommune må halda fram som eigen kommune også i framtida.

Dette for å vera i stand til å vidareutvikla eit levande og sterkt lokalsamfunn der medverknad og påverknad frå folket lokalt skal ha stort fokus.

Likevel er me nok avhengige av interkommunale tjenester på fleire område:

Dette gjeld PPT og spesialundervisning, barnevern, psykisk helse/psykolog, næringsliv og utvikling.

Hjelmeland kommune meiner dagens struktur er best for innbyggjarane i kommunen.

Saksopplysninger:

Saksutgreiing

Hjelmeland kommune har snautt 2800 innbyggjarar og har eit areal på 1092 km². Folketalet har vore rimeleg stabilt, har dei siste ti åra variert noko, frå om lag 100 mindre enn no i 2008, og sidan har det gått litt opp og ned, siste året litt ned.

Kommunen har kommunesenter i Hjelmelandsvågen der det er kommunehus, helsesenter, omsorgssenter, barnehage og grunnskule frå 1 til 10. klasse.

Her er to kolonialbutikker, jernvare/sport/byggvarebutikk/bensinstasjon/bank/hotell og andre tenesteytande næringar.

I Årdal om lag to mil lenge sør er eit kommunedelsenter med barneskule, barnehage, omsorgssenter, bensinstasjon, bank og servicenæringar med butikkar/verkstadar. I Årdal er det tre byggefelt i tillegg til spreidd busetnad og mange gardsbruk.

På Fister er det fleire bustadfelt, barneskule og barnehage.

I tillegg til dette er det grender, Nessa, Hetlandsbygda, Helgøy, Randøy, Ombo, Jøsneset, Jøsenfjorden og Vormedalen. På Ombo har kommunen felles skule i lag med Finnøy kommune, og her er barnehage i Jøsenfjorden. Avstand mellom desse grendene varierer frå nokre minutt i reisetid til over ein time. Ferje er



HJELMELAND KOMMUNE

naudsynt for folket på Ombo, Jøsneset og Jøsenfjorden for å nå fram til kommunesenteret.

Kommunen sitt budsjett for 2016 er litt over 300 mill. Viktigaste næring er havbruk og slakteri i tilknytning til denne. Her er 200 gardsbruk i drift.

Uttak av byggeråstoff har lenge vore ei viktig næring, spesielt i Årdal, også eit uttak i Jøsenfjorden.

Vidare vert det satsa på turisme, mange utleiehytter, hotell og fritidshus og hytter vert det stadig bygt nye av.

I januar i 2014 hadde kommunestyret temamøte om framtidig kommunestruktur. Vidare vedtok Kommunestyret den 2 april i 2014 å gå vidare med uformelle samtalar for å avklara om det kan vera grunnlag for å laga ny kommune i lag med andre.

Dette resulterte i at Forsand, Strand og Hjelmeland hadde regelmessige møte der dette vart diskutert frå hausten 2014 og fram til våren 2015. Dette resulterte i ei kommunestyresak i desse kommunane der det vart lagt fram forslag til intensjonsavtale i juni 2016. I dette møte vart også rapport om innbyggjarinvolvering lagt fram. Forsand vedtok då å ikkje vera med på dette, medan dei to andre kommunane vedtok å halda fram forhandlingane. Samstundes vedtok Hjelmeland at det skulle haldast folkeavstemming i samband med kommunevalet hausten 2015.

Parallelt med forhandlingane vart det halde møte med utvalde grupper frå samfunnslivet i alle kommunane som diskuterte dette spørsmålet. Det vart også halde folkemøte i alle kommunane der eit konsulentfirma var med for å ha fokus kva som var bra og kva som ville bli utfordrande for innbyggjarane med ei kommunesamanslåing.

I innbyggjarinvolveringa i mai 2015 svara 56 % av dei spurde i Hjelmeland at dei er i mot kommunesamanslåing, 32 % svara dei er positive og 13 visste ikkje. 200 innbyggjarar vart spurde.

I folkerøystinga i september 2015 svara 693 nei til samanslåing og 579 svara ja til kommunesamanslåing.

Etter dette vedtok kommunestyret at vedtaket frå juni vert oppheva. Det vart også vedteke å leggja fram for politisk handsaming om det skulle koma henvendingar frå andre kommunar eller overordna myndigheter.

Spørsmål om å snakka meir ilag kom frå Strand kommune i mars 2016 og det vart halde eit møte i Strand om dette.

27 april 2016 vedtok kommunestyret i Hjelmeland med ti mot ni røyster å leggja diskusjonen om kommunesamanslåing daud. Dette med grunnlag i folkeavstemminga og det mandatet innbyggjarane hadde gitt i kommunestyrevalet hausten 2015.

I årsmeldinga for 2015 går det fram at Hjelmeland kommune handterer basistenestene bra. Dette er det grunn til å tru at kommunen også vil klara i framtida. Kommunen har høg kompetanse på dei aller fleste fagområda,



HJELMELAND KOMMUNE

og står ikkje tilbake på nokon måte i høve andre kommunar. Det er grunn til å tru at det vil kommunen klara også i framtida.

Dersom me legg til grunn intensjonsavtalen ville kommunen innafor oppvekst og helse / omsorg stort sett få ha det som i dag med ein ny kommune der Forsand , Strand og Hjelmeland er med. Men ein del av dei andre serviceområda ville blitt flytta til Jørpeland, som for mange frå dei indre delane av kommunen ville gitt stor avstand.

Ved å stå åleine må Hjelmeland likevel på nokre område, f eks barnevern, søkja samarbeid med andre kommunar, slik mange andre faktisk gjer med godt resultat i dag.

I eit demokratisk perspektiv vil eit kommunestyre med desse tre kommunane gitt «gamle» Hjelmeland 5 - 6 medlemmer i eit nytt felles kommunestyre på 29 medlemmer (dersom me legg folketalet i kommunane til grunn for fordeling). I kommunestyrevedtaket 27 april i år heiter det at «kommunestyret i Hjelmeland ynskjer sterkt å vidareutvikla og styrkja lokalsamfunnet, tufta på lokaldemokrati.» Mange har nok ei meining om at i eit felles styre med kanskje maks 20 % av medlemmene vert det for lite fokus på lokalsamfunnet i Hjelmeland.

Dei områda der det er mest behov for samarbeid med andre kommunar er ofte område med sterke sentrale føringar og der politikken og påverknadsgrunnlag ligg på eit høgare politisk nivå. Derfor meiner kommunestyret i Hjelmeland at eit interkommunalt samarbeid i slike høve vil ha liten innverknad på det reelle demokratiet.

Fylkesmannen har utfordra oss på å vurdere rettstryggleiken til innbyggjarane. Hjelmeland kommune meiner at rettane som innbyggjarane har krav på er godt ivaretekne i dag, og meiner kommunen er i stand til å ivareta det også dei neste åra. Eit godt eksempel her er når Samhandlingsreforma kom. Det viste seg då at dei små kommunane klarte seg svært bra når det vart snakk om å vera i stand til å ta seg av og ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehusa.

Samfunnsutvikling er noko lokalsamfunnet er opptekne av. Korleis engasjera folket og få god medverknad? Ved å stå som eigen kommune også i framtida meiner fleirtalet i kommunestyret at dett vert lettare, då avstanden mellom dei styrande og dei styrte vert på ein nivå der dei styrte opplever å vera høyrde. Dette ser kommunestyret i Hjelmeland på som viktig å halda fram med. Kommuneplanarbeid er viktig for å få dette til på ein god måte. Kommunen ynskjer eit levande demokrati der avstanden mellom folket og lokalpolitikarane er kort, og terskelen for å ta kontakt er låg. Kommunen ynskjer lokale innspel å ta med seg i møte med regionale og sentrale myndigheter. Dette vert vanskelegare dersom me lagar ein ny kommune med større avstandar.

Økonomien til Hjelmeland har lenge vore stram, og kommunen er no på Robek lista. Det er lagt ein plan for å koma ut av den, og det er grunn til å tru dette går som planlagt. Kommunen har først og fremst fått mykje meir oversikt over stoda enn ein har hatt før, dette er eit godt grunnlag for å gjera tiltak. Kommunen er ein såkalla meirinntektskommune med snautt 20% over snittet meir enn samanlikna kommunar.

Det var ei stund spenning rundt inntektene til kommunane frå konsesjonskraft og –avgifter, men dette er no



**HJELMELAND
KOMMUNE**

avklara i energimeldinga, derfor er det grunn til å tru at inntektsnivået vil halda fram.

I det nye inntektssystemet som kjem er kommunen definert som «ufrivillig liten» på grunn av avstandar. Kommunalministeren sa seinast i «debatten» på NRK i første del av juni at ein del kommunar må få halda fram som små nettopp fordi landet vårt er prega av spreidd bustnad mange stader.

Hjelmeland er ein typisk kommune med mykje spreidd busetnad, og kommunestyret i Hjelmeland meiner derfor at lokalsamfunnet vårt er mest tente med at kommunen held fram som eigen kommune.

Konklusjon:

Hjelmeland kommune må halda fram som eigen kommune også i framtida.

Dette for å vera i stand til å vidareutvikla eit levande og sterkt lokalsamfunn der medverknad og påverknad frå folket lokalt skal ha stort fokus.

Hjelmeland kommune meiner dagens struktur er best for innbyggjarane i kommunen.